

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/2132-2

**Søknad om ruteløyve Flåm - Borgund stavkyrkje****Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Benjamin Rock får ruteløyve på strekninga Flåm – Borgund stavkyrkje etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.04.18 – 31.03.28.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- d) Det skal årleg rapporterast tal passasjerar til fylkeskommunen.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- f) Det er berre høve til å ta på passasjerar i Flåm, Aurland, Stegasteinen, Lærdal og Borgund stavkyrkje.

**Vedlegg:**

Søknad frå Benjamin Rock

**Andre relevante dokument i saka:**

Yrkestransportlova  
Yrkestransportforskrifta

**SAKSFRAMSTILLING****1. Bakgrunn for saka**

Selskapet Benjamin Rock søkjer om ruteløyve på strekninga Flåm – Borgund stavkyrkje. Det skal gå heilårsrute på strekninga etter følgjande opplegg:

	01.01– 31.05	01.06 – 30.09	01.10 – 31.12
Avgang Flåm	11.00	11.00	11.00
Avgang Aurland	11.15	11.15	11.15
Ankomst Stegasteinen	----	11.30	----
Avgang Stegasteinen	----	11.45	----
Ankomst Lærdal	11.45	12.45	11.45
Avgang Lærdal	12.15	13.10	12.15
Ankomst Borgund stavkyrkje	12.40	13.30	12.40
Avgang Borgund stavkyrkje	13.30	14.30	13.30
Ankomst Aurland	14.15	15.15	14.15

Ankomst Flåm	14.30	15.30	14.30
--------------	-------	-------	-------

I sommarperioden skal ruta køyre over Aurlandsfjellet.

## **2. Høyring**

Søknaden er sendt på høyring til Tide Buss AS og Nettbuss AS. Tide Buss har ikkje merknader. Nettbuss har ikkje kome med tilbakemelding.

## **3. Rutetilbodet i dag**

Den eine avgangen på Nettbuss si rute (Sogn og Fjordane ekspresen) til/frå Oslo køyrer gamlevegen om Borgund i perioden 01.06 – 31.08. Det er korrespondanse med buss til/frå Aurland på Håbakken. Reisande har høve til å gå av ved stavkyrkja og returnere med bussen som kjem frå Oslo etter kring to timar. Elles i året er det ikkje eit rutetilbod til Borgund stavkyrkje.

Benjamin Rock søkjer ikkje om økonomisk støtte til å drifte den nye ruta.

## **4. Vurderingar**

Ruteløyvet som det her vert søkt om rettar seg mot turistmarknaden og transport mellom nokre få definerte turistdestinasjonar. Rutene konkurrerer soleis ikkje i særleg grad med andre meir tradisjonelle bussruter som er opne for av- og påstigning langs heile rutetraseen.

Det har siste tida vore fleire søknader om slike ruteløyve retta mot turistnæringa. Dette er naturleg sidan turistnæringa har hatt ein auke siste tida, samt at Flåm er ein stor turistdestinasjon. Vi må rekne med at fleire aktørar vil søke om ruteløyve i tida framover.

Det er positivt at det er god aktivitet og at aktørane ser potensiale for rutedrift.

For å sikre at kontrollmynde har god oversikt over kva ruteløyva gjeld vil det i sjølve ruteløyvet verte angitt kva haldeplassar løyvet gjeld for, samt rutetider og ruteperiodar.

For å ha god oversikt over trafikken og kva ruteløyve som er aktive, er det ønskjeleg at løyvehavar sender ein årleg statistikk til fylkeskommunen.

## **5. Vilkår**

Utover dei generelle vilkåra om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Det er også eit vilkår at turvognløyvet i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

Det skal årleg rapporterast tal passasjerar til fylkeskommunen jf. yrkestransportforskrifta § 21.

Det er berre høve til å ta på passasjerar i Flåm, Aurland, Stegasteinen, Lærdal og Borgund stavkyrkje.

## **6. Konklusjon**

Fylkesdirektøren har ikkje merknad til at det vert oppretta eit nytt, heilårleg rutetilbod frå Flåm til Borgund stavkyrkje.